

Kyrkjeposten



Informasjonsblad for Etne og Skånevik sokn

Desember 2018



«Det folket som går i mørkret, ser eit stort lys. Over dei som bur i dødsskuggens land, strålar lyset fram.» Jesaja 9,2

*Kyrkjeposten vil
med dette ønskje
alle lesarar
ein riktig god jul,
og eit godt nytt år!*



*Kyrkjeposten vert distribuert til
alle huslydar i Etne og Skåne-
vik. Bladet blir betrakta som
offentleg informasjon og nær-
miljøblad. Kyrkjeposten er ikkje
definert som uadressert rekla-
me.*

Gåver til Guds ære

Gull, røykjelse og myrra. Det synes ikkje vere dei mest spenstige vala å gje ein liten pjokk? Kva med ein gyngheest, eller ein fin pil-og-boge? Hadde dei vise menn gløymd korleis det var å vere gutar?

Det kan nok vere vismennene sjølv opplevde det underleg å gje desse gåvene, i enkle kår i Betlehem. Dei søkte ein konge. Hadde dei funne han i Herodes sitt palass, ville gåvene høva bra. Men no?

Det viste seg at at gåvene høvde uansett. Guten som fekk gåvene, synte seg som konge til slutt.

Gull er ein kongegave, eit symbol på rikdom og makt. Sjeldan og vondt å få tak i, men dugeleg til mange føremål. Gull er lett å forme til smykke og prakt. Men ein kan også hamre det så tynt så det kan dekke treverk og få hus til å skine.

I 1. Kongebok les vi om den gang kong Salomo bygde det første tempelet for Gud:

Heile huset kledde han med gull, frå ende til annan. Og beile altaret som stod framfor det inste rommet, kledde han med gull. (1. Kongebok 6, 22).

Gullet var til Guds ære. For Salomo var berre det beste godt nok, difor blei det gull.

Også for dei vise menn var kun det beste godt nok. At kongsbarnet i Betlehem var fødd i ein stall i staden for på eit slott hadde ikkje noko å sei. Dei vise menn hadde sett stjerna lyse! Dei høyrde profetiane om at Guds Messias skulle fødest i Betlehem. Kanskje dei ikkje heilt skjønna kva og kven Messias var, men dei visst at han var konge. Kom til å bli.

Difor fekk han gull. Og blei konge, sjølv om det hende på eit vis korkje vismenn eller nokon andre hadde sett føre seg.

Røykjelse var eit symbol på ære. Røykjelse var, akkurat som gull, ei god gåve å ha med dersom ein var invitert i bursdag på slottet.

Men i tillegg var røykjelsen også eit bønoffer. Tenk på lysa som brenn i lysgloben i kyrkja: Lysa er ei påminning om bøna som er bedt sjølv når den som bad, er ein annan stad i tanke og lekam. Slik brente røykjelsen heile tida på alteret i tempelet som et offer til Gud, ei påminning om folkets bøner.

Når dei vise menn gav Jesus-barnet røykjelse, er det også ein profeti: Jesus fekk røykjelse som ei ære, som ein konge. Men også fordi livet hans var ei einaste lang bøn for alle menneske, ei bøn som ikkje ein gong tok slutt når han blei opprykt til himmelen, som vi les i Hebrear brevet: *Men Jesus har eit prestedøme som ikkje tek ende, fordi han er og blir til evig tid. Difor kan han òg fullt og heilt frelsa dei som kjem til Gud ved han, sidan han alltid lever og går i forbøn for dei.* (Hebr 7, 24-25.)

Men mest var røykjelsen ein profeti om at hans liv og han sjølv var eit offer til Gud, ei soning for alle synder til alle tider. For når Jesus ofra sjølv livet på korset, nådde han samtidig sitt livs mål og meining: Å bringe frelse til alle menneske.

Myrra var den siste gáva. Det var ikkje ein optimal gáve til ein liten gut. Det syns nok ikkje foreldra hans heller. Myrra blei oftast brukt når nokon var død. Da smurde ein den døde inn med myrrasalve, også kleda av lin den døde låg i. Så kunne lukta av salve skjule lukta av død.

Evangelisten Johannes fortel om Jesu venninne Maria, syster til Lasarus, at ho berre seks dagar før Jesus døyddes salva føtene til Jesus med kostbar salve. Sjølv om ho brukte nardussalve, kunne det vore myrra. Jesus tolka salvinga som ei dødssalving.

Matteus trekk linjene heilt tilbake til historia om Jesu fødsel: Myrra var eit varsel om Jesu død. Det er ein underleg gáve å gje eit lite barn!

Vi veit ikkje om vismennene visste at Jesu død kom til å bli noko spesielt. Men Matteus visste det. Så når han fortel oss det berre



Copyright: David Bergen Studios, shadowsineden.blogspot.com

Maria eller Josef kan ha fortalt i utgangspunktet, ser han det som ein profeti om at Jesus skulle døy i vårt sted.

Matteus får vitne om at det var meininga, heile tida. Det var føresagt allereie her, i gávene frå dei vise menn. Men slik var nemleg Guds plan med sin Son Jesus:

For i han ville Gud la heile sin fylde bu, og ved han ville Gud forsona alt med seg, det som er i himmelen, og det som er på jorda, då han skapte fred ved hans blod på krossen. (Kol 1, 19-20)

Sånn var det med gull, røykjelse og myrra. Gull for ein konge, røykjelse for han som ofra seg sjølv, myrra for han som døydde for oss. Det var det dei gav, dei vise menn. Tru om dei var så vise at dei visste det?

Per Hjemdal,
Sokneprest



Adventskransen

Visste du at ei adventskrans er full av symbol? Her kjem forklaringa på nokre av symbola me har med oss i jula og adventstida.



Kransen

Adventskransen er rund, fordi den har inga byrjing eller nokon ende. Den symboliserer det uendelege, så uendeleg som Gud sin kjærleik er overfor oss.

Grøne greiner

Grøn er fargen til håpet og livet. Grønfargen seier: Midt i vinter, i mørke og kulde kan mennesket ha håp.

Kanel og nellik

Det luktar godt og minner oss på fjerne land og dei tre vise menn som har reist langt for å gi verdifulle krydder, salver og gull som gåve til Jesus.

Epler

Me tenkjer på eplet i paradiset, og at Jesus har opna den porten som vart stengt. Han opna ei dør til paradiset i himmelen.

Stjerner

Ei stjerne har vist dei tre vise menn vegen til krybba.

Gull

Me brukar gull for å vise kor verdifull Gud sin kjærleik er for oss. Me gler oss over det og er takksame.

Raudt

Raudt symboliserer mye: kjærleik, kraft, varme, men også blod. Jesu liv på jorda romma mykje godt, men

også smerte, sjukdom og død. I adventstida tenkjer me på at Jesus han har prøvd alt, også død, men han syner oss også at livet og kjærleiken kan vinna over døden.

Lysa

Me bruker fire lys. Eit lys til kvar av dei fire himmelretningane: aust, vest, sør, nord, men også eit lys til kvar søndag. Lyset syner oss vegen til jul. Me ventar på Gud si store gåve.



Om Kyrkjeåret

Kyrkjeåret tar til med adventstida. I dei mørkaste vekene før vintersolkverv tennast eit og eit ljøs fram til sjølvje ljøsfesten, jula.

Kyrkja si nyttårsdag er difor ikkje 1. januar, men 1. søndag i advent! «Mens frost og vintermørke rår, begynner kirkens nye år» (Norsk salmebok, nr 18)

Kyrkjeåret bryt inn i kalenderåret med ein heilt sær eigen rytme, som lever i kyrkja si gudstenesteliv; med tekstlesingar, musikk, salmar og fargar. Liksom årstidene går rytmen att år etter år.

Året følger Jesu liv og gerning ut frå sentrale tekstar i dei fire evangelia, med Jesu død og oppstode i påska som det sentrale midtpunktet. Gjennom året er det ein viss progresjon mellom søndagane, og gjennom eit mangfold av tekstar blir ein syklus av tru gjort levande for den einskilde kristne og for kyrkjelydane.

Dei tre store festane, jol, påske og pinse, står sentralt. Påska og pinsa er høgtidar som flytter seg i kalenderåret. Dei er gamle jordbruksfester og held seg til månefasane. Påskedag er alltid «første søndag etter fyrste fullmåne etter vårjamdøger».


Påske- og treeiningstida er fordjupingstid som strekk seg gjennom vår- sommar- og haustmånadene. Dette er ei tid for åndeleg vekst og modning. Ho gjev og rom for ulike merkedagar: Olsok, Mikkelsmess, Hausttakkefest og gjerne Skaparverkets dag. I tillegg kjem Bots- og bønedag, Helgemesse og kyrkjeårets siste søndag, Domssøndag eller Kristi kongedag, som retter blikket mot æva.

«Når verden og dens tid forgår,
gryr evighetens kirkeår.

O Herre, la oss finne vei
til lys og evig liv hos deg».

(Norsk salmebok, nr 18)

kyrkja.no



LYS VAKEN

*Natt
til 1. søndag i advent inviterer Skånevik sokn og Etne sokn 11 åringer til overnatting i Skånevik kyrkje. Arrangementet Lys vaken er ein del av trusopplæringa i Den norske kyrkje. «Namnet Lys vaken handlar ikkje om at me skal vera vakne heile natta, men at me skal vera vakne for det som skjer i oss og rundt oss. Me skal vera vakne overfor Gud, kvarandre og oss sjolve.»*

Det var spente 11 åringar både frå Skånevik og Etne som møtte opp i Skånevik kyrkje laurdag 1. desember, med sekkar, liggeunderlag og soveposar, klare for overnatting i kyrkja. Fort fann dei sin plass i kyrkja der dei kunne legge ut liggeunderlaget sitt klar for natta, før song og dans tok kyrkjerommet då Lys-vaken-songen skulle lærast.

Vidare gjekk turen rundt, i og utanfor kyrkja der postar med spørsmål knytt opp mot kyrkja skulle svarast på. Dei fekk til og med vandre opp i tårnet i smale og bratte trapper for å inspisere klokkene som er plassert der oppe. Her skulle dei blant anna finne ut kva for ei klokke som var eldst. Det er to klokker i tårnrommet i Skånevik kyrkje og på den eldste av klokkene står det skrive «SOLI DEO GLORIA», som tyder: «Gud åleine ære». Elleveåringane skulle også finne ut kva for eit dyr som ofte overvintrar her oppe. Dette var det fleire som synest var litt ekkelt å tenkje på. Flaggermussskit er det ofte å finne her oppe.

Pizza stod på menyen denne kvelden og jammen kom det inn nokre damer i kveldinga med nybaka bollar og varm kakao, til stor jubel frå elleveåringane. Ein del av programmet var å øve til gudstenesta på sundagen. Me song, øvde inn bevegelsar til bøn og laga bønelappar med bøn om kommunen vår,

landet vårt og bønner for heile verda. Desse bønene vart lest opp i gudstenesta.

Ut på kvelden hadde me ei samling rundt ein rund krans som med pynta ferdig med grøne greiner. Kransen symboliserte kor uendeleg Gud sin kjærleik er overfor oss ettersom den ikkje har noko byrjing eller nokon ende. Me pynta kransen med blant



anna eple som skulle minne oss på eplet i paradiset, og at Jesus har opna den porten som vart stengt. Videre pynta me kransen med kanel, som luktar godt og kunne minne oss på fjerne land og dei tre vise menn som ville gi verdifulle krydder, salver og gull til Jesus. Noko raudt pynta vi den også med. Dette kunne symbolisere kjærleik, kraft, varme men også blod. Jesu liv romma jo så mykje godt, men også smerte, sjukdom og død.





I adventstida tenkjer me på at Jesu han har prøvd alt, også død, men syner oss at livet og kjærleiken kan vinne over døden. Då me til slutt sette på fira lilla lys i kransen kunne me konkludere med at nå hadde vi laga oss vår eigen adventskrans. Advent handlar om lyset som kom til verda. Ved frukosten på sundagen tente me det første lyset og song «No tenner vi det første lys».

Helga blei avslutta med gudsteneste på sundagen, og Lys vaken deltakerane bidrog med bønner, song og dans. Ein flott gjeng elleve-

åringar gjorde helga så fin på alle måtar, og fleire uttrykte sin begeistring over nye bekjentskap, spennande opplevsalar og ikkje minst over å få sove over i kyrkja.

Kanskje alle kan lære litt av dette. Det å være lys vaken overfor Gud, kvarandre og oss sjølve.

Randi Matre, Kyrkjelydspedagog



Glade gutar på Lys vaken!

Pelle, Matei og Hallvar kosa seg på Lys vaken. Kyrkjeposten spurde om dei kunne sei noko om helga, og då var dei ikkje vonde å be. Pizzaen var god, og det var kjekt å bli kjent med nokre nye. Det var bra å vera med på gudstenesta, og i det heile tatt var i grunnen alt veldig kjekt!



Den yndigste rose er funnet

Det er ikke om en julesalme, som brukes synderlig meget, der her skal skrives. Hvad grunnen enn kan være - om den er for tung og alvorlig, om melodien minner altfor meget om sorg og begravelse - eller det kan være noget annet, som gjør det, er ikke godt å si.


Sikkert er det i hvert fall, at Brorsons julesalme: «Den yndigste rose er funnet», ikke er av de meget sungne julesalmer, hverken i kirke eller i hjem. Og dog er der noget ved den, som gjør at man synger den med inderlig glede, når man først er blitt opmerksom på den.

Den første samling av salmer, som Brorson utgav, var et lite hefte på ti nummer. Det utkom like før jul i 1732, og han gir det følgende tittel: «Nogen julesalmer Gud til ære og kristne sjele, især sin elskelige menighed til opmuntring, til den forestående gledelige julefest enfoldig og i hast sammenskrevne av H. A. B.»

I forhold til sitt omfang finnes der neppe en diktsamling, som inneholder så meget ypperlig. Brorson er ved disse salmer blitt julens dikter, som Kingo er påskens og Grundtvig pinsens.

Hvilken juleglede ånder ikke ut av salmen: «I denne søte juletid», - hvilken inderlighet og kjærlighet kommer der ikke frem i salmen: «Mitt hjerte alltid vanker i Jesu føderum», - og hvilken barnlig enfold og varme i den lille salme for barnene: «Her kommer dine arme små».

Men dypest og alvorligst er vel salmen om rosen, - med utgangspunkt i Høisangen, hvis tanker Brorson i likhet med alle pietismens diktere så gjerne anvendte. Det er tilblivelsen av denne salme kunstneren så åndfullt har søkt å gi oss på ovenstående billede.



Den fromme prest i Tønder i Sønderjylland sitter i stille andakt ved sitt arbeidsbord med hendene lagt over hinannen på den opslåtte Bibel. Gjennom det store vindu strømmer lyset inn. På veggen henger en luth, på bordet ligger et krusifiks over en åpen notebok.

Det ser ut som presten nettop har lest i Den Hellige Skrift - Og mon ikke han nettop har beskjeftiget sig med ordet, om «Rosen fra Saron» (Høisangen 2, 1)? Idet han nu løfter sine øine mot vinduet, tegner det sig for hans syn et billede - en rose som ren og skjær folder sig ut mellem stive torner. Den fromme prest har et diktersyn, som skaper noget derinne i hans sjel. Så har han vel grepet sin luth og latt fingrene gli over strenge-
ne.

Først et par enkle toner - så forsøksvis nogen melodier. Tilsist finner han en, der like-
som passer for det han nettop har sett, - gammel og velkjent er den: «Med sorgen og klagen hold måte».

Men passer da denne melodi til julens glade budskap? Burde det ikke i stedet ha vært en pompøs, lystig tone, som mere pekte hen på julehøytiden og julens glade budskap?

Men leser vi salmen igjennom ser vi hvor godt melodien passer både til dens innhold og rytme. Og man føler ganske umiddelbart hvorledes dikteren blir betatt av sitt syn, og hvorledes det er om å gjøre for ham å meddele oss sin opplevelse.

Og så tar salmen form. - Brorson begynner å nynne - ganske dempet og svakt for sig selv. Først ser han et sterkt forvokset kratt. Torner og tidsler har fått overhånd - så alle gode vekster kveles og dør. Da skyter der frem en edel rose:

*Den yndigste rose er funnet,
blandt stiveste torner oprunnet.
Krist inn i vår att lot sig pøde,
blandt syndere fagert han grodde.*

Rosen kommer frå Gud selv, og hvor den podes inn, der blumstrer det og modnes til frukt.

*Så blomstrer Guds kirke med ære,
og yndige frukter kan bære,
ti Jesus dens grøde opliver
og vørke i vekstene giver*

Nu er det som salmen stanser et øieblikk. Dikteren lytter. Han kunde jo ha ventet å høre et mektig kor av roster over all jorden som hilste rosen. Den hele verden burde jo utbryte i lov-sang! - Men der er stilhet, ti mange har aldri fornummet at rosen til veiden er kommet.

Og det kan nok den fromme dikterprest så altfor godt forstå. Den yndigste rose vokser jo ikke på de steder, som lett sees av menneskene; dypere må du bøie dig for å få øie på den:



*Akk, søker de lavere steder,
i støvet for Frelseren greder,
så får I vår Jesus i tale,
ti roserne vokser i dale.*

Skjønnere er visst aldri kristelig ydmyghet besunget. Men så går dikterens tanke til hans eget åndelige liv. For sitt vedkommen- de er han klar over hvad han vil velge:

*Nu Jesus du stedse skal være
mitt smykke, min rose, min ære.*

*De giftige lyster du døder
og kørset så herlig forsøder.*

Ja, slik må det gå den som får «Den yndigste Rose» i eie! Det blir et liv under korset. Tung kan vandringen falle så mangen en gang. Men det får være så! La bare ens eget «Jeg» dø, når kun rosen får blomst- re:

*La verden kun alt fra mig tage,
la tornene rive og nage,
la hjertet kun dæne og briste
min rose jeg aldri vil miste.*

Så er den fromme prests dik- tersyn blitt til virkelighet. Hvad han har sett, har han festet på papiret, til oss! Det som den gamle prest så gri- pende har gitt uttrykk for er blitt en sterk og frimodig bekjennelse om kristenlivets skjulte lykke.

Og det menneske som med troens øie og under korsets byrde har skuet den yndigste rose:

*skal samstemme med mig
og vidnesbyrd bære,
at alt det et hjerte kan glede og gavne
er Jesus å eie og elske og fjerne.*

J.G.

Josefs julesang

Tekst: Per Hjemdal / Melodi: Solveig Sørheim

F Am Bb C F

Han satt i nat - ten mørk og stil - le, kun - ne knapt nok tro det

3 Am Dm Bb C F

en - glen had - de sagt om hun som ei var en, men to. Et

5 Am Dm Bb C F

ord som skul - le fø - des, og Guds ord som barn blandt oss? Og

7 Dm F/C Bb C7 F

Jo - sef bø - ye seg og bad mens tro med tvi - len sloss.

Og barnet ble i krybben lagt, godt tullet inn i tøy
Han klynket litt, men rolig ble, lunt gjemt i oksens høy.
Hans far og mor satt undrende, mon tro hva de har tenkt
om barnet som ble lovet dem, som Gud dem hadde skjenkt?

En gjeter kom i mørket fram, og flere fulgte med.
De talte stilt om englesang som fylte dem med fred.
Da så Maria Josefs blikk bli mørkt av sorg så stor,
som så han guttens vei å gå til frelse for vår jord

Han visste ikke, det var sant, alt det som skulle skje:
At barnet skulle vokse opp og bli til evig fred,
men at det skulle koste dyrt av smerte og av ve,
når deres barn, en sorgens dag, ble hengt opp på et tre

Men slik vår Herres ord en gang bød lys! - og lys ble skapt,
slik skulle Ordet bære bud om håp der håp var tapt,
og ja fra Gud, til oss, tross våre nei, tross all vår skam,
når barnet, deres uskylds barn, ble ofret som Guds lam.



Velkommen som tårnagent!

Siste helga i januar er det tårnagenthelg i Gjerde kyrkje. Då får 8-åringane være i kyrkja ein laurdag ettermiddag som tårnagentar. Der skal dei løyse oppgåver gjennom bibelforteljingar, leite etter symbol i kyrkja og utforske både kyrkjerom og klokketårn.

Når mørket sig på, er det sporløp og oppdagarferd på kyrkjegarden utanfor kyrkja, før ein et kvelds saman og førebur seg til søndagens gudsteneste. Mange flinke tårnagentar tar del i gudstenesta, både som kyrkje-tenarar, tekstlesarar og gode medhjelparar for presten!



Tårnagenthelg er eit arrangement innan tru-sopplæringa i Etne og Skånevik, og felles for begge kyrkjelydane. Alle born som er fødd i 2011 er hjarteleg velkommen!

Tore Thomassen

Det blei en kjekk novemberkveld når Etne Soulchildren inviterte til familiekor og konsert saman med trubadur Tore Thomassen.

Tore Thomassen er tekstforfattar, komponist og musikar. Han har skrive fleire bøker, musikalar og mange songar. Sjølv om Tore Thomassen skriv både for barn og vaksne, er det ikkje vanskeleg å sjå at han gleder seg over å vere saman med barn! Han framførte songane, gjerne henta frå bibelhistoria, med skjemt og godt humør, godt hjelpt av Soulchildren som gav god lyd og ekstra songgleder.

Verdt å sjekke ut på Spotify for dei som treng god musikk til barna?



Kyrkjeposten treng di støtte

Etne og Skånevik kyrkjelyder seier takk for alle gaver!

Kontonummer: 3543.13.03246

Vipps: 112914, merk med «Kyrkjeposten»

Livets gang

Døyppte:

- 14.10 - Mileah Kringlebotten
- 14.10 - Sofie Grønfur Nedreskår
- 14.10 - Simon Tjelmeland Håraju-
vet
- 21.10 - Maria Melkeraaen
- 11.11 - Leo Markhus Furdal
- 11.11 - Liva Matre
- 25.11 - Lilly Fagerjord Harboe
- 25.11 - Tuva Jacobsen Lothe

Vigde:

- 16.11 - Anne-Mette Riaunet og
Johan Kringlebotten

Gravlagde:

- 12.09 - Betty Elaine Orma Eilerås
- 28.09 - Torbjørn Ansgar Moe
- 01.10 - Marta Alma Forsund
- 17.10 - Olav Sørheim
- 13.11 - Kristi Gjerde
- 16.11 - Svein Olav Arnestad
- 16.11 - Endre Tjelmeland
- 23.11 - Mathilde Mannes
- 23.11 - Solveig Leonora Hardeland

Mi fyrste jul i Etne, jula 1950

Julaftan byrja med at mor bytte balm i sengene våre. Me hadde ikkje madrasser i sengene i den tida, berre balm som mor bytta kvar jul. Me hadde ein sekk som var like stor som botn av senga. Den fylte mor med balm og jamna til . Så la ho nokre klede oppå.

Klokka tolv var det middag. Me hadde berre vanleg kvardagsmiddag då. Foreks steiket fisk og poteter. Me hadde alltid dessert eller suppa attåt. Ofte saftsuppe med havregryn i. Etter middag var det bading. Far bar inn ein stor trestamp som han plasserte midt på kjøkengolvet. Mor fylte den med vatn . Husk me hadde berre ein krane med kaldt vatn i den tida så me måtte varma vatn i gryter på ovnen. Her måtte eg oppi og mor vaska meg frå topp til tå. Etterpå måtte søster mi Reidunn oppi og ho vart og vaska.

I mens hadde far fått på plass juletreet, så no skulle det pyntas. Pynten var helst korgar av glanspapir som Reidunn hadde laga.

Me hadde gard på den tida, så mor og far måtte gå i fjosen. Kyrne måtte melkas og dei og sauene måtte ha mat. Då mor kom innat, kokte ho risengrynsgraut. Den einaste gongen me fekk risengrynsgraut, det var på julaftan. Det var vår julemiddag.



ETNE



Livets gang

Døpte:

23.09 - Ane Tungesvik Ekornrud

07.10 - Oliver Sveen

07.10 - Nicolas Sævareid Engene

Gravlagde:

22.11 - Oddny Lyngstad Markhus

*Far las juleevangeliet. Nå var tida komen til julepak-
kane, men det låg berre fire pakkar under treet, ein
til kvar av oss. Far fekk ein pullover (vest) som mor
hadde spøta. Mor fekk eit elektrisk strykejern som
far hadde kjøpt. Reidunn fekk ein genser og eg ein blå
pullover som mor hadde spøta. Berre nyttige og gode
gåver, som det alltid var. Alle var me godt nøgde med
presangen vår. Etterpå smaka me litt på julekakene
for me byrja å lengta etter senga. Me gledde oss til å
leggja oss i den mjuke og nye halmen.*

*Det var 1. juledag som var den store gudstenestedagen
på den tida og då var gudstenesta i Stødle kyrkje,
men for oss som budde på Rygg var det for langt å gå.
Me gjekk heller til Grindheims kyrkja 2. juledag.*

*Ein annan ting som har endra seg mykje, er at jule-
dagen var heimedag. Ingen gjekk ut eller på besøk den
dagen.*



Tore Harboe

SKÅNEVIK

Kyrkjeval

Kyrkja bygger fellesskap der du bur. Velkomen til å bidra med å settja ditt preg på kyrkja di! I kyrkja skal det vere rom for alle som ønskjer det. Eit stort rom. Høgt til taket. Sterkt fundament. Nye impulsar. Gode tradisjonar. Ulike meiningar. Ulike vegar til tru.

Ver med å ta ansvar for fellesskapet og for kyrkja di!

Det er kyrkjeval 9. september 2019. Skal du stilla til val? Eller gje forslag om ein god kandidat? Du er invitert til å vera med på å skapa kyrkja i framtida!

Ti gode grunnar til å vera med i soknerådet:

1. Du bidreg til å halda lokalkyrkja levande
2. Du vert del av eit kristent fellesskap
3. Du gjer ein viktig jobb for fellesskapet
4. Du kan sørgja for eit trygt og godt fritidstilbod for barn og unge
5. Du får innblikk i og påverkar dei demokratiske prosessane i kyrkja
6. Du får eit nytt nettverk i lokalmiljøet ditt
7. Du kan sørgja for at kyrkja di er ein open og inkluderande kyrkje
8. Du pregar aktivitetstilbodet i nærmiljøet ditt
9. Du får nyttig styrerøynsle som du kan bruka i andre samanhengar
10. Du kan oppdaga nye sider ved deg sjølv

Opningstider

Onsdag og fredag 11-16, laurdag 11-15

Velkomen innom for ein god handel!



REMA 1000



Etne Bilservice

Lundal
KVALITET SIDAN 1870

Takk til våre annonsørar!



Grannar

Lokalavisa for Etne og Vindafjord

Ølen Begravelsesbyrå

DØGNVAKT - Tlf: 53 76 82 03
www.olenbb.no

ETNE - VINDAFJORD - TYSVÆR



**ETNE
EL. LAG**

altibox

Bruk din lokale kraft- og breibandleverandør!



Kyrkja i Etne og Skånevik

Soknerådsleiar Skånevik:

Eli Synnøve S. Garvik

Soknerådsleiar Etne: Arnold Solheim

Leiar i Etne kyrkjelege fellesråd:

Reidar Leknes

Tilsette:



Aud Jorunn Grønstad Baustad

Kyrkjeverje

96 01 68 64



Randi Frette

Kyrkjelydssekretær

53 77 11 75



Per Hjemdal

Sokneprest i Etne

41 12 65 49



Randi Matre

Kyrkjelydspedagog

99 64 36 74



Stein Ove Skadal

Sokneprest Skånevik

47 48 30 27



Bjørn Stødle

Kyrkjegardsarbeidar

91 19 99 60



Solveig Sørheim

Organist

40 28 68 71

Adresse: Enge 5, 5590 Etne

Telefon: 53 77 11 70

E-post: kyrkjeveja@etnekyrkja.no

Gudstenestekalender



NB: Endringer vil kunne skje. Følg med i Grannar.

24. desember	13.00	Frette	Familiegudsteneste	Per Hjemdal
	13.30	Fjæra	Familiegudsteneste	Stein Ove Skadal
	14.30	Etne	Familiegudsteneste	Per Hjemdal
	16.00	Etne	Familiegudsteneste	Per Hjemdal
	16.00	Skånevik	Familiegudsteneste	Stein Ove Skadal
25. desember	11.00	Skånevik	Høgtidsgudsteneste	Stein Ove Skadal
	12.00	Etne	Høgtidsgudsteneste	Per Hjemdal
31. desember	17.00	Skånevik	Høgmesse	Per Hjemdal
01. januar	12.00	Etne	Høgmesse	Per Hjemdal
06. januar	11.00	Skånevik	Høgmesse	Stein Ove Skadal
13. januar	11.00	Stødle	Høgmesse	Per Hjemdal
	17.00	Fjæra	Høgmesse	Per Hjemdal
20. januar	11.00	Etne	Høgmesse	Stein Ove Skadal
	18.00	Skånevik	Høgmesse	Stein Ove Skadal
27. januar	11.00	Gjerde	Familiegudsteneste	Per Hjemdal
03. februar	11.00	Skånevik	Høgmesse	Stein Ove Skadal
	11.00	Etne	Høgmesse	Per Hjemdal
10. februar	11.00	Etne	Høgmesse	Stein Ove Skadal
17. februar	11.00	Skånevik	Høgmesse	Per Hjemdal
	17.00	Frette	Høgmesse	Per Hjemdal
24. februar	11.00	Fjæra	Høgmesse	Stein Ove Skadal
	19.00	Etne	Høgmesse	Stein Ove Skadal
03. mars	11.00	Skånevik	Familiegudsteneste	Stein Ove Skadal
	11.00	Etne	Familiegudsteneste	Per Hjemdal
10. mars	11.00	Etne	Høgmesse	Per Hjemdal
17. mars	11.00	Grindheim	Høgmesse	Per Hjemdal
	18.00	Skånevik	Høgmesse	Stein Ove Skadal
24. mars	11.00	Etne	Familiegudsteneste	Per Hjemdal